

**ÅRSMELDING FOR 2016
FRÅ STYRET FOR
FJON FJELLKYRKJE
OG UNGDOMSENTER**



Styret har i 2016 vore samansett slik:

- **Leiar** : John Henanger, Frekhaug, Vald som leiar 2016-2018.
- **Nestleiar** : Knut Fr. Sørheim, Seim
- **Skrivar** : John Henanger, Frekhaug
- **Styremedlemer:**
 - ✓ Henning Haukeland, Matredal, Vald som styremedlem 2015-2017
 - ✓ Berit Grindheim, Manger, Vald som styremedlem 2015-2017
 - ✓ Knut Sørheim, Seim, Vald som styremedlem 2015-2017
 - ✓ Astor Angelskår, Hjelmås, Vald som styremedlem 2016-2018
 - ✓ Vebjørn K. Aasgård, Kvingo, Vald som styremedlem 2016-2018
 - ✓ Gunvor Fyllingsnes, Eikangervåg, Vald som styremedlem 2016-2018
 - ✓ Sigmund Vikane, Modalen, Vald som styremedlem 2015-2017
- **Vara medlemer vald for 1 år**
 - ✓ Odd Martin Sundsbø, Alversund
 - ✓ Arve Husa, Fedje
 - ✓ Solveig Romarheim, Vikanes
 - ✓ Unni Midtgård, Ostereidet
 - ✓ Mary Hope, Masfjordnes
- **Kasserar:** Helge Kvinge,
- **Revisorar:** Norvald Halland, Lindås
Oddvar Sundsbø, Alversund
- **Leiar for Rådet:**
 - ✓ Gunvor Fyllingsnes, Eikangervåg
- **Nestleiar for Rådet:**
 - ✓ Knut Fr.Sørheim, Seim
- **Valnemnd:**
 - ✓ Nils Molvik, Ostereidet
 - ✓ Rune Minde, Frekhaug
 - ✓ Arne Lerøy, Austrheim

Rådsmøtet 2015:


Rådsmøtet vart halde på Fjon fjellkyrkje onsdag 14.mars, kl 18.30 med 27 frammøtte, derav 13 med stemmerett..

Styre-arbeid:

- Styret har i 2016 hatt 3 styremøte, og det har vore handsama 21 saker.

Bruk av kyrkja:

- Det har i 2016 vore 49 ulike utleige, 5 leigeavtalar meir enn i 2015.
- Huset har vore utleigd til bl.a. desse: Fellesmøter Masfjorden Indremisjonen, konfirmantleir, privat samankome, bibel- og feriedagar, ulike kyrkjesamfunn, lag og organisasjonar, bursdagar, konfirmasjonsfest og arbeidsfolk på skredsikring har brukt huset man-torsdag sept-nov.



Bruk av kyrkja , forts:

- Det har vore opne gudstenester på Fjon: Skirtorsdag og Olsok

Dugnad/vedlikehald/innleigd arbeid:

- Dugnad i august: Mala vindaugskarmar kjøkken, montert sokkel på skap kjøkken/hall.
- Bytta v.v.tank.
- Byta resten av vindauga og deler av kledning som var roten
- Lagt torv-sekkar på siste del av taket. No er all gammal torv dekkta til.
- Vasking/rydding/vedlikehald gjennom året.
- Total renovering av WC-avdeling i hovudetasje

Olsokstemne 2016 :

Det var om lag 150 personar som møtte denne sumarkvelden. Alversund sokneråd hadde ansvar for gjennomføringa. Det kom kr.20 000- gjennom lotteri og mat !!.

Takk for den flotte innsatsen som de gjorde.

Solveig Hjelmtveit hadde også i år ansvar for den gode rømmegrauten! ***Tusen, tusen takk Solveig!***

Prest var Helge Hitland, Geir Øy leia kvelden og ved pianoet sat Gunnar Hageberg.

Henning Haukeland hadde laga det flotte Olsok-bålet. Også i år vart arrangementet avslutta ved bålet, som gav ein fin avslutning av kvelden. Olsokfeiring er ein fin tradisjon å føra vidare.

Økonomi:

	2016	2015	2014	2013
Leigeinntekter	Kr 268 110	Kr 220 500	Kr 136 120	Kr 171 080
Inntekter frå Sokneråd	Kr 39 414	Kr 55 572	Kr 75 648	Kr 62 375
Behaldning pr.31.12.2015	Kr 133 566	Kr 153 816	Kr 75 344	Kr 222 695

Oppsummering.

Det har i 2016 vore 49 ulike utleigeavtalar. Det vart ny rekord med antal utleigedagar, då den største leiga var arbeidsfolk som budde i veke-dagane frå sept-nov. Dei jobba med skredsikring på Steinareset. Difor vart fjellkyrkja utleigd heile hausten både helg og vekedagar.

Ekstra inntekter gav oss mogelegheit for ei komplett oppussing/ombygging av toalettavdelinga i hovudetasjen. Nye veggjar, tak, dører, golvbelegg, vegghegte WC, nye vatnrør, oppgradering elektrisk. Det er også på kyrkja vorte byta resten av gamle vindauga og det er byta ut roten kledning .

Kyrkja vert fortsett brukt av mange ulike grupper i alle aldrar.

Mange er glad i staden, og styret sitt ynskje er at folk skal ha det bra og ha hug å koma attende.

Overskotet på kyrkja vert brukt til å oppgradera og vedlikehalda kyrkja.

Takk til alle som leiger kyrkja, kyrkjelydane som sender oss offer og dei som gjev private gåver. De bidreg til alle inntektene våre og gjev grunnlag for vidare drift av Fjon Fjellkyrkje.

Takk for forbøn for Fjon Fjellkyrkje.

Fjon Fjellkyrkje si heimeside:

www.fjonfjellkyrkje.no

Frekhaug 13.02.2017

Styret for Fjon Fjellkyrkje